

Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 18/6236-1

Justert eigaravtale Innovasjon Norge 2018

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane stør forslag til endringar i eigaravtala for Innovasjon Norge
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir fylkeskommunal eigargruppe i oppdrag å utarbeide forslag til avtale om ivaretaking av det fylkeskommunale eigarskapet i Innovasjon Norge.

Vedlegg:

DOK I- Forslag til justert eieravtale - endelig versjon.pdf
 DOK V - oversikt over endringsforslag - eieravtale - endelig versjon.pdf
 Eieravtale - Avtale med fylkeskommunene om delt eierskap i Innovasjon Norge.pdf
 Innovasjon Norge-vedtekter-2017.pdf
 protokoll-ekstraordinart-foretaksmote210616.pdf
 protokoll-foretaksmote-innovasjon-norge-19.-juni-2017-med-vedlegg.pdf

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Eigaravtalen mellom fylkeskommunane og staten vart inngått 24. mars 2010. Avtalen regulerer det juridiske og økonomiske forholdet mellom eigarane. Eigaravtalen vart utforma før overføringa av 49 pst. eigarskap til fylkeskommunane og implementering av Forvaltningsreforma i 2010.

Ny lov om Innovasjon Norge (LOV-2016-06-17-72) har medført behov for ei justering av eigaravtalen. Det er og behov for å endre avtalen i lys av erfaringar med eigarskapet og opprydding mellom dei ulike styringsdokumenta, ref. endringar i vedtektene til Innovasjon Norge i 2017 (jf. vedtak i FT-sak 7/17).

Den fylkeskommunale administrative eigargruppa og Nærings- og Fiskeridepartementet har difor, som følgje av lovendringa, gjennomgått gjeldande eigaravtale mellom staten og fylkeskommunane.

Lovendringa gjer at denne gjennomgangen er naudsynt på eit viktig punkt. Gjennom lovendring (LOV-2016-06-17-72) hefter eigarane ikkje lenger over kreditorane for selskapets forplikningar, jf. ny § 9, men er framleis ansvarlige for selskapets tidlige forplikningar etter lov om Innovasjon Norge (LOV-2003-12-19-130) § 9 (dette er i første rekke knytt til pensjonsforplikningar).

I samsvar med gjeldande eigaravtale kan endringar i avtalen vedtakast med 4/5 fleirtal av innskotskapitalen som er representert på eigarmøtet.

Forslag til endringar i eigaravtalen er omtalt i eige vedlegg. I vedlegget er kvart enkelt kapittel i justert eigaravtale omtalt og kommentert, og syner ev. flytting, endring eller fjerning av kapittel i den opphævelege (gjeldande) avtalen. Avslutningsvis omhandlar vedlegget andre endringar frå gammalt til justert avtaleverk, i hovudsak knytt til punkta 7, 8 og 9 i opphæveleg avtale.

I ny lov om Innovasjon Norge vart paragrafen om regionale styre stroken. Dette medførte at ein i lova la inn ei sterkare formulering om Innovasjon Norge sitt ansvar i regionane. Dette vart likeins lagt inn i dei nye vedtektene.

I forslag til endringar av eigaravtalen er det tatt inn eit punkt om ein felles eigarstrategi mellom staten og fylkeskommunane. Utover dette er forslaga i hovudsak av teknisk karakter for å oppdatere eigaravtalen slik at den er i tråd med resten av avtaleverket.

2. Behov for egen fylkeskommunal eigaravtale

Bortfallet av det solidariske ansvaret for selskapets forpliktingar overfor kreditorane gjer at det er naturleg å ta ut dei særeigne føresegnene om det fylkeskommunale eigarskapet frå eigaravtalen mellom staten og fylkeskommunane. Etter den fylkeskommunale eigargruppa si oppfatning er det naturleg at dette regulerast gjennom ein eigen avtale mellom fylkeskommunane.

Den fylkeskommunale eigargruppa meiner det er naturleg at denne avtalen også regulerer forholdet mellom den fylkeskommunale administrative eigargruppa og dei ulike fylkeskommunale eigarane i Innovasjon Norge.

3. Konklusjon

Fylkestinget bør gje si tilslutning til forslag til endringar i eigaravtalen for Innovasjon Norge.

Fylkestinget bør likeens gje fylkeskommunal eigargruppe i oppdrag å utarbeide forslag til avtale om ivaretaking av det fylkeskommunale eigarskapet i Innovasjon Norge.